

## **Valprogram for Alver SV 2023-2027**

Alver SV vil ha ein inkluderande kommune med sterke fellesskap og små forskjellar. Ein kommune kor alle har like moglegheiter, og kor me tar vare på naturen og tek klimakrisa på alvor.

Me har ein variert og vakker natur, med eit rikt dyreliv både til fjells, i fjordane og i skogane våre. Dette vil me jobba for å ivareta. Aukande forskjellar er ei stor utfordring i Noreg, og me vil gjera vårt for å få ned skilnadene i Alver. Skal me lykkast med dette er det viktig at pengane i velferda går til best mogelege tenester som er tilgjengelege for alle, framfor å verta til profitt for eigarar.

Alver kommune har ansvar for å levera forsvarlege tenester til innbyggjarane, og må jobba hardt for å vera ein attraktiv arbeidsgjevar som greier å rekruttera og behalda personale med naudsynt kompetanse.



Lasse Turøy og Kari Solveig Sæthre, dei to øvste kumulerte kandidatane på Alver SV si liste, vil arbeida for at Alver skal bli ein inkluderande kommune, med sterke fellesskap og små forskjellar.

## **BEREKRAFTIG ALVER**

Alver SV vil arbeida for at Alver kommune blir ein miljøfyrtårn kommune

### **Alver SV vil:**

- laga ein ambisiøs energi- og miljøplan for Alver
- stilla strengare miljøkrav til kommunal verksemد
- stoppa kommunale innkjøp av unødig eingongsplast
- få på plass nok ladestasjonar for elbil
- laga ei ordning med vederlag for fiskarar og andre som hentar opp boss frå sjøen
- gjera det enklare for folk å velja kollektivtransport
- leggja solcellepanel på kommunale bygg

## **OPPVEKST**

Vi ønskjer at det skal vera ei prioritert oppgåve for kommunen å syta for gode og trygge oppvekstkår for barn og unge. SV meiner at alle, uavhengig av bakgrunn, skal få høve til å tileigna seg kunnskap og ferdigheter gjennom heile livet, og teoretiske, praktiske og sosiale ferdigheter skal verdsetjast like høgt.

Barnevernet skal bidra til at barn og unge får trygge oppvekstvilkår. Barnehage og skule legg eit viktig grunnlag for eit godt liv, utdanning og aktiv deltaking i samfunn og arbeidsliv. Barnehage og skule er møteplassar for born og ungdom med ulik sosial og kulturell bakgrunn. Den offentlege fellesskulen gir oss like moglegheiter. SV vil derfor styrkja fellesskulen.

## **Barnehage**

### **Alver SV vil:**

- sikra kompensert bemanning på avdelingane når pedagogane skal ha planleggingstida si
- jobba for å sikre bemanning etter bemanningsnorma i heile opningstida
- arbeida for at all barnehagedrift er profittfri – born, ikkje business
- gå inn for at kommunen skal gje alle nye anbod til kommunale eller ideelle aktørar

## **Skule**

### **Alver SV vil:**

- støtta bygging av ny ungdomskule på Frekhaug
- sikra alle skulane tilstrekkeleg bemanning med tilstrekkeleg kompetanse til at elevane har eit godt læringsmiljø og trygt og godt skulemiljø i tråd med Opplæringslova sine føringar
- betra det førebyggjande skulemiljøarbeidet med fleire miljøterapistillingar til direkte arbeid med elevane
- sikra at skuleleiarar og tilsette har eit trygt og godt arbeidsmiljø i tråd med krava i Arbeidsmiljølova med tiltak mot vald og truslar
- innføra rekrutteringstiltak særskilt i høve til lærarar med spesialpedagogikk og norsk 2
- styrka skulehelsetenesta slik at helsejukepleiarane kan imøtekoma det aukande behovet for m.a. psykisk helsehjelp – meir tid til direkte arbeid med elevar
- syta for at alle born får god symjeopplæring
- få til eit betre samarbeid mellom kommunen og næringslivet slik at ein kan sikre lærlingplassar til alle
- greia ut kva kostnadene ved å gje born i grunnskulen eit gratis, næringsrikt måltid kvar skuledag

## **Ungdom**

### **Alver SV vil:**

- behalda alle ungdomsklubbane i kommunen
- vidareføra ungdomskoordinatorstillingane
- støtta opp om ordningar og arrangement som styrkjer bandet mellom politi og ungdom
- innføra stemmerett ved kommuneval for 16-åringar
- utgreia eit tilbod om aktivitetskort for born og ungdom (for idrett og kultur)
- oppretta Bua-tilbod i Knarvik
- auka tilgangen på uorganisert og lågorganisert trening og møteplassar gjennom å støtta lågterskeltilbod som opne fleir brukshallar, eigne ungdomsavdelingar på alle biblioteka, skateparkar, felles uteområde og ungdomshus

## **ELDRE**

Eldre er ein ressurs som har mykje å bidra med i lokalsamfunnet, samstundes skal alle i Alver kunne gå alderdomen trygt i møte!

Bustader må leggjast til rette for at eldre skal få bu i eigen heim og meistra kvardagen sjølv. Det må også vera gode transportordningar og gode offentlege heimeteneester. Alle bør få reell innverknad på kva tenester dei skal få. Trygg økonomi når me blir eldre, sjuke eller åleine, er viktig for livskvalitet og høvet til gode og deltagande liv i alle fasar av livet.

### **Alver SV vil:**

- stimulera til aktivitet og frivillig arbeid blant seniorar
- at bygging av omsorgsbustader og seniorbustader med livsløpsstandard vert prioritert i bustadplanen for Alver
- få på plass fleire varierte dagsentertilbod med gode aktivitetar for eldre
- innføra kommunal bemanningsnorm for sjukeheim og heimesjukepleie
- prioritera eldrepolitiske tiltak som reduserer levekårsforskjellar
- at eldrepolitiske tiltak og tenester skal finansierast gjennom offentlege budsjett og lågast mogleg eigendelar
- kartleggja omfanget av vald mot eldre i Alver og auka innsatsen for effektive mottiltak
- gå i mot privatisering av eldreomsorga

## **HELSE**

SV meiner at tillit, kvalitet og tilgjenge er grunnbjelken i eit godt helsevesen – tillit til at du får den beste behandlinga for deg, uavhengig av økonomi og bustad, og uavhengig av kommersielle krefter og byråkratiske system. SV vil sikra ei helseteneste der innbyggjarane, pasientane og dei pårørande blir inkluderte og får vera med å påverke eiga behandling og helseteneste. Helsevesenet skal styrast politisk, på grunnlag av helsefaglege råd. Vi treng ei heilskapleg og fagleg sterk helseteneste som er nær der folk bur.

### **Alver SV vil:**

- styrkja tilbodet innan rus og psykisk helsehjelp
- arbeida for å få bort kø på sjukeheimspllassar og bustader til funksjonsnedsette personar

- gjera det mogleg for funksjonsnedsette personar å kunna velja buform og kvar ein vil bu, i samsvar med CRPD (FN-konvensjonen for menneske med nedsett funksjonsevne)
- omsorgsstønad skal ikkje avkortast på bakgrunn av sats ein har på hjelpestønad frå NAV
- øyremerka midlar til kurs/kompetanseutvikling av personell innan både oppvekst og helse, for å oppdatera/tileigna ny og relevant kunnskap
- arbeida for universell utforming. Tilgjenge for alle er viktig
- at kommunane legg til rette for at fleire av dei som ønskjer å døy heime, i staden for på institusjon, får eit slikt tilbod
- styrkja helsestasjonen og andre lågterskeltiltak som sikrar rask hjelp når ein treng det
- sikra komande foreldre ei tryggleiksskapande og kunnskapsbasert svangerskapsomsorg
- styrkja den tverrfaglege bemanninga i heimetenestene for å handtera dei komplekse oppgåvene som er overførte til kommunen

## **ARBEIDSLIV OG VELFERD**

SV meiner at eit organisert arbeidsliv med sterke fagforeiningar, faglege rettar og tariffavtalar er avgjerande for å jamna ut maktforholda i arbeidslivet og hindra utnytting av arbeidsfolk. SVs mål er arbeid til alle. Me jobbar for full sysselsetjing, små lønnsforskjellar og eit arbeidsliv med rettar og makt til lønnsarbeidarar.

### **Alver SV vil:**

- jobba for heiltidskultur - alle kommunale stillingar bør lysast ut som heile stillingar
- innføra Skien-modellen som sikrar lærlingplassar og hindrar sosial dumping i bygg- og anleggsbransjen
- forby profitt i velferda - berre kommunal eller ideell drift
- seia nei til konkurranseutsetjing av alle kommunale tenester
- innføra vikarpool for å redusera ufrivillige deltidsstillingar, auka driftsresultat og kvalitet på ulike tenester
- auka kommunale arbeidsplassar/tiltaksplasser, for å få fleire ut i utdanning eller arbeid
- arbeida for lågare lønnsforskjellar i kommunen
- at tillitsvalde si rolle ved kontorutforming og etablering av heimekontorordningar må styrkjast
- jobba for mangfold og kvalitet i arbeidsmarknadstiltaka ved å sikra langvarige avtalar med arbeidsmarknadsbedrifter
- gje rask, ubyråkratisk næringsstøtte til gründerar i kommunen

## **LANDBRUK**

Ikkje alt som vert produsert har like stor verdi, men ingen kan stilla spørsmål ved verdien av matproduksjon. Me må produsere ein større del av vår eigen mat her i landet og Alver SV vil verna om det lokale landbruket og leggja til rette for at me får fleire bønder, ikkje færre! SV meiner at me må stoppa nedbygginga av matjord og attgroinga av kulturlandskapet. Me må verna eit aktivt og berekraftig landbruk tilpassa natur- og ressursgrunnlaget i heile landet. Slik kan det norske landbruket vera ei av drivkreftene i det grøne skiftet.

### **Alver SV vil:**

- arbeida for kommunal avløysarteneste
- starta kommunale avløysarkurs for ungdom og andre interesserte
- oppretta landbruksråd i Alver kommune
- vidareføra veterinæravtordninga
- bevara matjord
- auka tilskot til slått og beite for å ta vare på kulturlandskapet
- auka beitebruken, slik at husdyr i størst mogleg grad får bevega seg fritt ute
- gjera det mogeleg å driva småbruk

## **KULTUR**

Kultur gjer liva våre rikare. Alver SV ønskjer eit tilgjengeleg og variert kulturtilbod med areal for skapande aktivitet. Dei kommunale kulturtilboda må styrkast og det frivillige kulturlivet må få gode kår for arbeidet sitt.

Idrett er ikkje berre viktig for folkehelsa, men byggjer i tillegg lokalsamfunn og nærmiljø gjennom å tilby møteplassar som byggjer fellesskap og samhald.

Her blir det gjort eit viktig arbeid av eit stort tal frivillige gjennom dugnadsinnsats.

### **Alver SV vil:**

- seia ja til eit regionalt kulturhus i Knarvik som skal vera ein inkluderande lågterskel møteplass for alle innbyggjarane i distriktet. Huset skal mellom anna innehalda bibliotek, kulturskule, ungdomsklubb, kino, møterom og lagerplass for frivillige lag og organisasjonar, konsertsal, utstillingshall og kafé. Alver SV vil arbeida for ein forpliktande framdriftsplan som tek sikte på eit ferdigstilt hus seinast 2034
- at frivillige lag og organisasjonar skal ha gratis leige av alle kommunale lokale

- ha eit livssynsope samfunn og vil arbeida for namna minnelundar, og ei gravlegging som blir tilpassa nye tradisjonar og ulike livssyn. Det er mellom anna behov for livssynsnøytrale seremonirom
- støtta Pride-arrangement i Alver
- arbeida for at nynorsken sine kår vert styrkt i kommunen, mellom anna gjennom å arbeida for kommunal språkbruksplan som tydeleggjer ansvaret for språkbruken i kommunen.
- arbeida for at alle læremiddel, inkludert digitale, skal vera tilgjengeleg på begge målformer
- at dei noverande biblioteka i Alver skal oppretthaldast og vidareutviklast
- støtta kjøp av ny bokbuss i komande periode.
- gå inn for faste besøk av litteraturbåten på dei tidlegare bokbåtstoppa i kommunen
- at kulturskulen får dansesal og kunstrom og midlar til å driva teaterverksemd for barn og ungdom
- at ungdomsklubb kjem på plass i Knarvik
- at kulturminne og lokale museum må gjerast meir tilgjengelege
- sikra idretten gode rammevilkår og gode fasilitetar, slik at den frivillige innsatsen idretten gjer kan styrkast og vidareutviklast
- gje alle høve til å vera fysisk aktive gjennom opne, rimelege og tilgjengelege tilbod med låg terskel for både organisert og uorganisert idrettsaktivitet
- arbeida for at alle skal ha høve til å driva med idrett, uavhengig av økonomi
- ha ein inkluderande, sunn og grøn idrett

## **VEG OG DISTRIKTSVENLEG KOLLEKTIVTRANSPORT**

For å få ned klimautslepp, må det stimulerast til at bilen blir mindre brukt. Uansett bil, krev den energi. Memå stimulerast til å planleggja og samarbeida betre om skyss, og til å gå og sykla i større grad. SV meiner at ein viktig føresetnad for mindre utslepp, kortare reiseveg og auka trivsel er ei samfunnsplanlegging som skapar mindre behov for transport. Nye bustader bør byggjast nærrare jobb og kollektivknutepunkt.

### **Alver SV vil:**

- forhandla fram eit betre busstilbod med fylkeskommunen i heile kommunen, særskilt på kveldstid og i helger
- arbeida for at Alver får prøva ut nye kollektivtransportmodellar som HentMeg-bussen i Odda.
- sikra gode parkeringsplassar for folk som nyttar buss

- gå inn for fleire hurtigbåtavgangar
- kjempa for å få på plass eit offentleg busstilbod for arbeidarar til og frå Mongstad
- at vegane skal vera trygge. Dei må sikrast for ras, med vedlikehald, og forbikøyringslommer der vegane er smale
- at det må vera trygg skuleveg for alle born. Om ikkje, må dei ha skuleskyssordning òg på korte strekningar
- at det må setjast opp ein prioritert plan for utbygging av gang- og sykkelvegar for heile kommunen
- prioritera vegvedlikehald og i størst mogleg grad gjenbruaka eksisterande trasear ved oppgraderinga

## BUSTAD

Alver SV står for ein sosial bustadpolitikk, som ønskjer at det skal vera ein rett å bu trygt og økonomisk føreseieleg. Målet må vera å kunne eiga heimen sin, for dei som ønskjer det. Det må setjast inn tiltak som kan stoppa den aukande bustadspekuleringa.

I framtida må det i større grad byggjast for å styrkja fellesskap og ansvar for kvarandre. Det må vera plassar der me møtest. Eit inkluderande nabolag på tvers av generasjonar for helse, tryggleik og trivnad. SV ønskjer ein sterk sosial bustadpolitikk og tiltak som kan stoppa bustadspekulasjon. SV skal gå i front for ein langsiktig politikk for å oppretta ein tredje ikkje-kommersiell bustadsektor, med bustader utanom dei som blir selde på den ordinære marknaden. Dette kan gjerast gjennom å oppretta ordningar for ikkje-kommersielle bustadbyggjelag og sørgra for at kommunar tek ei aktiv rolle i bustadmarknaden.

## Alver SV vil:

- at kommunen opprettar ikkje-kommersielle bustadbyggelag som er husbankfinansierte på sentrale plassar i kommunen. Interessentar er med heilt frå planleggingsstadiet
- at det blir mogeleg med ordningar som «frå leige til eige»
- at kommunen skal bidra til å sikra tilstrekkeleg bustadbygging
- innföra ein rettferdig eigedomsskatt

## NATURVERN

Tapet av naturmangfold truar heile vårt livsgrunnlag. Me må kjempa for å bevara det me kan for komande slekter. SV meiner at me må følgja opp Noregs internasjonale forplikting til å stansa tap av naturmangfold. 30 prosent av naturen må vernast, i tråd med måla i den nye naturavtalen til FN. Minst 10 prosent av skogen og havet må vernast, og minst 15 prosent av forringa økosystem må restaurerast innan 2025.

**Alver SV vil:**

- bevara naturområde rundt der folk bur. Særleg i tettbygde strok
- påleggja bruk av innsektsvenlege alternativ til skadelege sprøytemiddel
- ha kommunal planting som gjev gode vilkår for pollinering
- arbeida for å auka støtta til solcellepanel på private hus
- ikkje ha vindmøller på land, med unntak av mindre anlegg i industrifelt eller langs vegar med stor trafikk
- sikra at gamle og spesielt artsrike skogar blir verna